

Sakliste for Helsefelleskapet i Sogn og Fjordane

Føremål: Strategisk samarbeidsutval

Møtetid: 30.mai kl 10.30 - 14.00

Stad: Sogn lokalmedisinske senter - Sjukehusvegen 9, 6887 Lærdal

Møteleiar: Martin Lundgård

Deltakarar:		
Namn	Tittel	Eining
Martin Lundgård	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS
Terje Heggheim	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS
Anders Skipenes	kommunedirektør	Gloppen/Nordfjord
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagleg samarbeidsutval
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator/ Fagleg samarbeidsutval
Arve Varden	AD	Helse Førde HF
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagleg samarbeidsutval
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF/Fagleg samarbeidsutval
Heidi Alice Vederhus	Stadleg leiar NSH	Helse Førde
Jan Tore Odd	Nestleiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane
Arne Hovland	Medlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane
Observatørar:		
Hilde Ystanes	Seniorrådgjevar	KS Vest-Norge
Linda Svori	Ass fylkeslege	Statsforvaltaren
Vara:		
Tom Guldhav	direktør Kirurgisk klinikk	Helse Førde
Vidar Øvrebo	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde/Fagleg samarbeidsutval
Toril Taklo	avdelingssjef PHV for barn og unge	Helse Førde
Robert Brennersted	avdelingssjef akuttmedisin	Helse Førde
Øyvind Bang Olsen	kommunedirektør	Kinn kommune/Sunnfjord
Jens-Eivind Kobbeltvedt	kommunedirektør	Solund kommune/HAFS
Marius Solbakken	kommuneoverlege	Stryn kommune/Fagleg samarbeidsutval

Sak nr.	Tema:	Tidsrom:	Ansvar:
12/24	Godkjenne innkalling og sakliste	10.30	Martin Lundgård
13/24	Godkjenne referat frå forrige møte		
14/24	Orientering frå vertskommunen	10.40	Gunn Lerøy
15/24	Sluttrapport Campus Vie prosjektet	11.00	Gro Rukan
16/24	Kort status prosjekt rekruttering og kompetanse	11.15	Kjell-Wernik Nystøyl
17/24	Samhandlingsbarometeret – orientering om forskningssøknad	11.25	Jagrati Jani Bølstad
	Matykt	11.45	
18/24	Samhandlingsmodellar på systemnivå	12.15	Kjell-Wernik Nystøyl
19/24	Pilotering av ei integrert barne- og ungdomsteneste i Nordfjord.	12.35	Børge Tvedt
20/24	Orientering om innhald i ny avtale om helsefellesskapet	13.00	Hilde Ystanes
21/24	Tankar/ oppsummering frå partnerskapsmøtet - Nasjonal helse- og samhandlingsplan – vegen vidare? Strategi og handlingsplan Sogn og Fjordane helsefellesskap - status	13.10	Dagrun Kyrkjebø/ Kjell-Wernik Nystøyl/ Martin Lundgård
22/24	Eventuelt	13.40	

Sakliste for Helsefelleskapet i Sogn og Fjordane

Føremål: Strategisk samarbeidsutval

Møtetid: 29.februar kl 10.00 - 14.00

Stad: Styreverrommet i Hildrabygget

Møteleiar: Martin Lundgård

Deltakarar:			
Namn	Tittel	Eining	Fråvær
Martin Lundgård	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS	
Terje Heggheim	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS	x
Øyvind Bang Olsen	kommunedirektør	Kinn kommune/Sunnfjord	
Anders Skipenes	kommunedirektør	Gloppen/Nordfjord	
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagleg samarbeidsutval	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator/ FSU	x
Arve Varden	Administrerande direktør	Helse Førde HF	x
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	
Asle Kjølauug	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagleg samarbeidsutval	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF/Fagleg samarbeidsutval	
Heidi Alice Vederhus	Stadleg leiar NSH	Helse Førde	
Jan Tore Odd	Nestleiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Arne Hovland	Medlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	x
Observatørar:			
Hilde Ystanes	Seniorrådgjevar	KS Vest-Norge	
Linda Svori	Ass fylkeslege	Statsforvaltaren	

Sak nr.	Tema:	Tidsrom:	Ansvar:
1/24	Godkjenne innkalling og sakliste	10.00	Leiar
2/24	Godkjenne referat frå forrige møte		
3/24	Årsrapport 2023 frå felles brukarutval – til orientering	10.10	Nestleiar FBU
4/24	Gjennomgang av rapport helsefelleskap: Rapport-2023-Status-og-utviklingstrekk-for-Sogn-og-Fjordane-helsefelleskap.pdf (samhandling-sfj.no)	10.20	Emma Bjørnsen m.fl.
5/24	Mandat – prosjekt rekruttering og kompetanse	11.00	Elin Sørbotten
6/24	Partnerskapsmøtet – tema og program	11.40	Dagrun Kyrkjebø/ Hilde Ystanes
	Matykt	12:00	
7/24	Status innflytting Nye Førde sjukehus	12.30	Anne Kristin Kleiven
8/24	Løypemelding avtaleutvalet	12.50	Dagrun Kyrkjebø
9/24	Avvikling Tronvik	13.00	Børge Tvedt
10/24	Arbeidspakke 4 - Samhandling og nettverk – eventuell etablering av kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane.	13.20	Gro Rukan
11/24	Eventuelt	13.40	

Sak nr.	Referat:
1/24	Ny leiar Martin Lundgård ønska velkommen til ny periode, og oppfordra nyoppnemd Heidi Vederhus til å introdusere seg sjølv. Innkalling og sakliste godkjend.
2/24	Referat frå forrige møte godkjend utan merknad.

3/24	<p>Årsrapport 2023 frå felles brukarutval – nestleiar Jan Tore Odd innleia og gav ei kort orientering om felles brukarutval sitt driftsår 2023. Årsrapporten fylgjer som vedlegg til referatet - Odd vektla fylgjande;</p> <ul style="list-style-type: none"> • God budsjettbalanse sjølv med svært høg aktivitet i utvalet • Stor ulikskap mellom brukarutvala i regionen – bør harmoniserast • Bra tilbakemelding gjennom internrevisjonen sitt arbeid med fylgjande spørsmål <ul style="list-style-type: none"> ○ Har helseføretaka lagt til rette for god brukarmedverknad gjennom formålstenleg verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll - og korleis er dette operasjonalisert? ○ Kva rutinar har føretaka for brukarmedverknad på systemnivå? ○ I kva høve nyttar ein brukarutvala? ○ Kva tiltak har ein for å sikre brukarmedverknad? <p>Odd reflekterte også rundt målsettinga med eit felles brukarutval, og det vart stilt spørsmål om korleis kommunane i større grad kan nytte seg av utvalet. SSU var samstemt i at utvalet har levert ein grundig rapport som vitnar om høg aktivitet, og at samvirke med kommunane bør skje innafør dei etablerte samhandlingsstrukturane. Informasjon om at dei lokale retningslinjene for utvalet var revidert desember 2022, og ny revisjon vert gjort gjeldande hausten 2024.</p> <p>Vedtak: Saman med orienteringa frå nestleiar i FBU, tek strategisk samarbeidsutval årsmeldinga frå 2023 til vitande.</p>
4/24	<p>Hans Johan Breidablik, Jagrati Jani-Bølstad, Oddne Skrede og Knut Ivar Osvoll frå Samhandlingsbarometeret deltok i møtet. Hans Johan presenterte status med utviklingstrekk i rapport frå Samhandlingsbarometeret: Rapport-2023-Status-og-utviklingstrekk-for-Sogn-og-Fjordane-helsefellesskap.pdf (samhandling-sfj.no). Sjå elles eigen presentasjon som også vart nytta i FSU-møtet.</p> <p>SSU-medlemmane engasjerte seg i dei ulike funna som vart presentert, og delte mellom anna ulike perspektiv på bruken av KAD-sengar i kommunane og om IPLOS som aktuelt felles funksjonsvurderingsverktøy mellom partnerane. Det vart peika på verdien av at helsefellesskapet vårt nyttar kompetansen i samhandlingsbarometeret til å utvikle tenestene vidare. Sekretariatet må sikre at saka får kontinuerleg fokus. SSU tok elles orienteringa frå samhandlingsbarometeret til vitande.</p>
5/24	<p>Elin Sørbotten presenterte mandat og prosess-status for prosjekt rekruttering og kompetanse. Sjå eigen PP-presentasjon. Målsetting:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Revitalisere og prioritere samhandlingsarbeid mellom partnerane 2. Kome med tiltak til korleis vi lokalt i regionen skal samarbeide om kompetanse for å sikre rett bruk, robuste fagmiljø og berekraftige stabiliseringstiltak 3. Betre felles planlegging av tenestene, med felles tiltak om rekruttering og stabilisering av kompetanse <p>Utvalet kom mellom anna med tilbakemelding til delmål 1 om rekruttering av personell. Her vart det peika det faktum at partnerane må utføre aktuell kartlegging, og at dette er ein svært viktig premiss for vidare arbeid.</p> <p>Vedtak: Strategisk samarbeidsutval vedtek mandat for arbeidet, og vert framover å sjå på som styringsgruppe for arbeidet med fortløpande orientering undervegs.</p>

6/24	<p>Hilde Ystanes orienterte om planlegginga av partnerskapsmøtet som vert arrangert 23.mai. Tema og program er knytta til nasjonal helse og samhandlingsplan og bærekraftige helsetenester.</p> <p>Det vert lagt opp til korte innleingar om tema og god tid til dialog, diskusjon og refleksjon for deltakarane. Sekretariatet tek med seg innspel til program og sender endeleg utkast til medlemmene i SSU pr mail for godkjenning.</p> <p>Utvalet drovla litt om tidspunktet er optimalt for at kommunedirektører og ordførarar vil prioritere samlinga, men gjer fylgjande vedtak: SSU ber sekretariatet om å ta med seg innspela frå diskusjonen og sende ut endeleg program til medlemmene for godkjenning.</p>
7/24	<p>Anne Kristin Kleiven presenterte eit historisk kort tilbakeblikk då ho orientere om status for innflytting i Nye Førde sjukehus. Planleggingsarbeidet skriv seg attende til 2012, og har endra seg mykje undervegs. Dato for overtaking er fastsett til 22.august 2024 - sjå elles eigen PP-presentasjon. Tilleggsinformasjon om at ein ser bruken av døgnplassar fortløpande har vore fallande gjennom dei seinaste åra. Tidlegare bekymring om reduksjon i tal sengeplassar i samband med nybygginga er dermed noko redusert, men for å sikre svingningar i pasientsamansettinga planlegg helseføretaket for vesentleg fleksibilitet i framtidig driftsmodell. SSU takka for orienteringa som elles vart teken til vitande.</p>
8/24	<p>Dagrun Kyrkjebø informerte kort om status for arbeidet i avtaleutvalet – sjå eigen presentasjon. SSU tok orienteringa til vitande.</p>
9/24	<p>Børge Tvedt orienterte frå arbeidet med avvikling av institusjonen på Tronvik – sjå presentasjon. Det vart synt til at praksisen med døgnplassar i rusomsorga er i endring. Utvalsmedlemmane delte elles syn og refleksjon kring økonomi, fagmiljø og rekruttering, samstundes som orienteringa vart teken til vitande.</p>
10/24	<p>Gro Rukan frå Campus Vie introduserte til tema i arbeidspakke 4 - Samhandling og nettverk – ei eventuell etablering av kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane.</p> <p>Gjennom samarbeidsprosjektet «Campus Vie» har partane, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Helse Førde og Sunnfjord kommune, teke initiativ til å danne ei kunnskaps- og næringsklynge for helsesektoren, academia, næringsliv og frivillig sektor i Sogn og Fjordane. Rukan synte til at Kunnskapsparken Vestland har erfaring og kompetanse med etablering av klynger og samarbeidsnettverk, og er leigd inn for å bistå i arbeidet med organisasjonsmodell og finansiering. I første omgang er målet å få finansiert eit 3-årig prosjekt og tilsette ein klyngefasilitator med oppgåve å koordinere aktivitet på vegne av alle partnarane/medlemmene i klynga. Vidare må ein få ei oversikt over kven som støttar opp om initiativet. Målsetnaden er å få laga ei godt skildra skisse allereie våren 2024 slik at søknad om etablering kan vere mogleg på relativt kort sikt.</p> <p>I diskusjonen vart det på den eine sida uttrykt skepsis til at kommunane må finne ressursar til nok eit prosjekt, medan andre meinte at vi i vår region ikkje har råd til å la vere. I det siste perspektivet vert det synt til at statsbudsjettet løyver nærare 104 millionar kroner til ei ny forskning- og innovasjonssatsing i kommunane, og at forskningsrådet skal forvalte midlane. For å sikre at midlane samsvarer med kommunane sine behov, skal midlane lysast ut i dialog med KS. Initiativet frå Campus Vie prosjektet om ei kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane må sjåast i samanheng med dette KSF-arbeidet, og ein må sjå på korleis ein kan få til eit godt samarbeid kring forskning og innovasjon i kommunane i regionen.</p>

	Vedtak: Strategisk samarbeidsutval/Sogn og Fjordane helsefelleskap støttar opp om initiativet til å etablere ei kunnskaps- og næringsklynge for helsesektoren, academia, næringsliv og frivillig sektor i Sogn og Fjordane. Arbeidet må sjåast i samanheng med KSF-arbeidet.
11/24	Eventueltsak utgår, men neste møtepunkt vert i Sogneregionen.

Til:

Strategisk samarbeidsutval

Frå:

Elin Sørbotten, prosjektleiar

Sak 16-2024 Utviklingsarbeid om rekruttering, kompetanse og felles planlegging i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane helsefellesskap vedtok i 2022 ein felles [strategi](#) for arbeidet. Innsatsområda i strategien er *felles planlegging, samarbeid om rekruttering og kompetanse, dei fire prioriterte pasientgruppene, akuttmedisinske tenester samt digitalisering og forskning*.

Desse satsingsområda vart konkretisert inn i ein [handlingsplan](#), med felles tiltak som eit ledd i å nå målsettinga om ei betre felles helseteneste for våre pasientar.


Innsatsområdet rekruttering og stabilisering av personell og kompetanse har vore eit gjennomgåande tema i helsefellesskapet gjennom 2022/2023 utan at ein har konkretisert nokre felles tiltak til å drive felles utviklingsarbeid på området.

Strategisk samarbeidsutval vedtok desember 2023 at Sogn og Fjordane helsefellesskap skal starte eit utviklingsarbeid som tek sikte på å konkretisere nokre felles tiltak for vår region rundt rekruttering, kompetanse og felles planlegging av tenestene.

Det er utarbeidd eit mandat, og arbeidet vart starta med ei felles samling 5 april 2024.

Prosjektorganisasjonen ser slik ut:

Prosjektet er organisert med representantar frå kommunane og helseføretaket



Aktuelt:

Saka har vore til drøfting i strategisk samarbeidsutval i fleire møter gjennom 2023, og endeleg mandat for arbeidet vart vedteke i SSU 29.02.2024.

«Strategisk samarbeidsutval vedtek mandat for arbeidet, og vert framover å sjå på som styringsgruppe for arbeidet med fortløpande orientering undervegs»

Status i arbeidet:

Det vert gitt muntleg orientering i møtet

Plan for framdrift:

Nytt felles møte med alle deltakarar 10 juni.

Delprosjekt 1 har utarbeidd questback og kvalitative spørsmål som skal sendast partnerane før sommaren. Kort svarfrist, og gjennom sommaren forventar ein å få svar på denne. Analyse av kartlegginga er planlagt tidleg haust.

Delprosjekt 2 gjennomfører no innhenting av aktuell grunnlagsdata frå samhandlingsbarometeret og partnerane i helsefellesskapet. Dette skal nyttast i det vidare arbeidet etter leveranse frå dei to andre delprosjekta. Dette delprosjektet skal knyte saman heilskapen, og utarbeide forslag til tiltak for drøfting i nettverkssamling våre 2025.

Delprosjekt 3 er godt i gong med å innhente tal og analysere planar hos partnerane, foreløpige funn er lite felles planlegging av tenestetilbodet på tvers av kommunar, og mellom kommunar og helseføretak, det er ei aldrande befolkning i vårt område og auke i tenestebehov frå både kommune og spesialisthelsetenesta er å forvente. Arbeidet med å sjå planverket på tvers av organisasjonane, og i samanheng med demografiutviklinga er godt i gong og forventa verte ferdigstilt sommar, tidleg haust 2024.

Økonomi

Partnerane ber eigne kostnader.

Kostnadane knytt til PwC sitt arbeid vert fordelt mellom Helse Førde (40%) og kommunane (60%).

Ramme på 300 000,- utgjer om lag 170 timar, pr d.d er det nytta 70 timar av denne ressursen.

Behov for tydeleg styring, og det er forventa at partnerane må nytte meir interne ressursar for å komme i mål innanføre gjeldande ramme.

Forslag til vedtak:

«Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande»

Til:

Strategisk samarbeidsutval

Frå:

Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef

Samhandlingsbarometeret – orientering om forskingssøknad

Bakgrunn:

Samhandlingsbarometeret (SB) inviterer Sogn og Fjordane helsefelleskap til samarbeid med SB i søknad om strategiske forskingsmidlar frå Helse Vest, for å vidareutvikle og tilpasse indikatorar i SB.

Aktuelt:

Leiar av Samhandlingsbarometeret presenterer skisse til forskingssøknad munnleg i møtet og legg fram ønsket om at helsefelleskapet kan støtte forskingssøknaden og fungere som ei plattform for å delta i utforming av verktøyet (sjå vedlegg forslag til støttebrev).

Framlegg til vedtak:

Strategisk samarbeidsutval tek informasjonen om forskingssøknaden til vitande.

Strategisk samarbeidsutval støtter søknaden i tråd med vedlagt støttebrev, og er positive til at helsefelleskapet fungerer som ei plattform i arbeidet med å utforme verktøyet (validering av spørjeskjema).

Kort informasjon om forskningsprosjektet til partnere

Samhandlingsbarometeret tenkte oss å sende en forskningssøknad i første omgang til Helse Vest-strategiske forskningsmidler som har frist 7. juni. Utlyses 30 millioner kroner, for de fire strategiske områdene:

- Barn og unge med sammensatt og langvarige helseplager
- Bruk av kunstig intelligens og helsedata til forbedring av helsetjenester
- Helsetjenesteforskning for bedre digitale og heilskaplige helsetjenester
- Nye behandlingsformer

Vi tenkte oss å søke område to eller tre.

Vi inviterer dere til samarbeid med oss i søknaden for å videreutvikle og tilpasse indikatorer i Samhandlingsbarometeret (SB).

Samhandlingsbarometeret er et verktøy og et felles kunnskapsgrunnlag for primær- og spesialisthelsetjenesten og nå spesielt for helsefelleskapene sitt arbeid med planlegging, tjeneste dekning, og samhandling mellom tjenestenivåene for de prioriterte pasientgruppene. Samt en kompetansebase som bidrar til faglig refleksjon om tjenestetilbudet og variasjoner knyttet til samhandling og folkehelse og relevante demografiske forhold. Samhandlingsbarometeret er et landsdekkende barometer som er forankret i Helse Vest, og har et tverrfaglig team av forskere og analytikere som arbeider med publisering, analyse og formidling av kunnskap knytt til samhandling.

Samhandlingsbarometeret kombinerer data fra flere registerkilder og publiserer et nasjonalt presentasjonsverktøy (Dashboard løsning) som ble skapt i samarbeid med både kommuner og spesialist helsetjenesten. Samhandlingsbarometeret ble utviklet i 2012 på bakgrunn av Samhandlingsreformen og behov for tilgjengelig og relevante styringsdata knytt til samhandling mellom primær- og spesialisthelsetjenesten. Deretter har barometeret utviklet og tilpasset seg behov i tråd med nasjonale føringer og i samsvar med nye tematiske områder har indikatorer blitt publisert. Hovedfokus i de siste årene har vært å vise statistikk for de fire prioriterte pasientgruppene for Helsefelleskapet. Disse indikatorene er utviklet i nært samarbeid med Helsedirektoratet som har utarbeidet definisjoner for uttrekk for de fire prioriterte pasientgruppene.

Helsefelleskap er et høyt prioritert nasjonalt satsingsområde. Nye føring jf. Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027, viser til utvidet ansvar for helsefelleskapene. Som følge av dette arbeider Samhandlingsbarometeret med å oppdatere og revidere sin indikator liste for å skaffe relevante data til helsefelleskapene og med det bidra til bedre pasient forløp mellom primær-og- spesialist helsetjenesten. Dette innebærer også arbeid med revidering av statistisk innhold og presentasjon, som er tilpasset helsefelleskapsbehov.

I dialog med Helsedirektoratet, FHI og KS, ønsker vi å utforme barometeret videre også for å unngå at det gjøres unødvendig dobbeltarbeid og for å tilpasse oss kunnskapsbehovet best mulig. Ved å sende en forskningssøknad ser vi på dette med vitenskapelig metode og hopper for finansiering som skal støtte arbeidet.

Vi tenkte å dele søknaden i minst tre arbeidspakker:

WP1- vurderer SB indikatorer og skape nye ved bruk av innovative modelleringsarbeid.

Dette innebærer blant annet å kartlegge nye indikatorer som besvare nye behov for kunnskap i Helsefelleskapene. Bruke systematiske metoder for å vurdere de ulike behovene for å foreslå et sett av felles indikatorer for helsefelleskapene. Kartlegge presentasjonsalternativ for informasjon i samhandlingsbarometeret. Målet med dette arbeidet er at Samhandlingsbarometeret på best mulig måte skal svare ut helsefelleskapet sitt behov for relevant data og statistikk og være en komplementær kunnskapsbase som er godt samkjørt med pågående arbeid nasjonalt i Helsedirektoratet, FHI, KS.

Framskrivingsmodeller kan gi oss verdifull informasjon for planlegging. Det er et stort behov for gode modeller for å planlegge helsetjenesten.

WP2- Effektiviserer dataflyt ved bruk av KI og API

WP3- Testing av utfall (produktet) WP1 og WP2 før og etter implementeringsrunde.

Midlene kan budsjetteres til frikjøp av forskingsstøttepersonell, driftsmidler og stipendiatstillinger (doktorgrad og postdoktor).

For mere informasjon om utlysning se lenken nedenfor

<https://helsevest.sharepoint.com/sites/HFD-intranett-Fag-utviklingsavdeling/SitePages/Utlysning-av-midler-til-nye-strategiske-forskingssatsingar.aspx>

Regional FOI-strategi:

https://www.helse-vest.no/48fc39/contentassets/baa51e758ac64ad984cdd647017f9816/2024_01_22_helsevest_forskning_innovasjonsstragi_digital.ek.pdf

Til Helse Vest

Vi ønsker med dette å støtte søknaden om strategiske forskningsmidler for å videreutvikle Samhandlingsbarometeret og vil delta som en del av brukerrådet i forskningsprosjektet.

Vi har vært involvert i utforming av søknaden og påpekt at de forskningsspørsmål som adresseres i prosjektet er relevant, og at sluttproduktet av prosjektet kan gi en positiv synergi i samarbeid (beslutningsstøtte) og grunnleggende kunnskap for felles planlegging mellom primær- og spesialist helsetjenesten.

Vi skal videre fungere som en plattform for å utforme verktøyet (validering av spørreskjema) for indikator vurdering som skal evalueres nasjonalt.

Mvh

Strategisk samarbeidsutval

Sogn og Fjordane helsefellesskap

Til:

Strategisk samarbeidsutval

Frå:

Kjell-Wernik Nystøyl, interkommunal samhandlingskoordinator.
Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef Helse Førde

Dato:

30.05.24

Sak 18/24 – Samhandlingsmodellar på systemnivå

Saka gjeld:

Fagleg samarbeidsutval har gjennom møte 4/23 (sak 32/23) og møte 1/24 (sak 4/24) og 2/24 (sak 18/24) arbeid med ei sak der det var gjort vedtak om å utvikle eit mandat og opprette ei arbeidsgruppe for utarbeiding av forslag til samhandlingsrutinar rundt barn og unge med ADHD.

FSU gjorde følgjande vedtak i sak 18/24 i møte 16.05.24:

Partnarane einast om ulik situasjonsforståing, og at denne saka treng større fokus/sakshandsaming. FSU opphevar vedtak i sak 32/23 og 4/24.

Fagleg samarbeidsutval ser behovet for å utarbeide ulike samhandlingsmodellar på systemnivå, og ber om at det vert førebudd sak til strategisk samarbeidsutval der partnarane kan einast om vidare prosess for slike saker.

Partnarane har ulik situasjonsforståing, og kom ikkje til semje i møtet i FSU den 16.05.24 om korleis ein kan samhandle for å sikre at alle opplever reell involvering.

Aktuelt:

Fagleg samarbeidsutval bad sekretariatet om å førebu ei sak for strategisk samarbeidsutval slik at partnarane kan einast om vidare prosess for utvikling av denne typen samhandlingsmodellar på systemnivå.

Sekretariatet vil kome attende til strategisk samarbeidsutval til hausten med presentasjon av forslag til korleis partnarane kan sikre involvering i slike prosessar som er i samsvar med strategien til helsefelleskapet og partnarane sine behov.

Framlegg til vedtak:

Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande og ber om at sekretariatet legg fram ei sak til neste møte der ein tek omsyn til dei tilbakemeldingane som kom gjennom handsaming av saka i møtet 30.05.24.

PROSJEKTSKISSE: PILOTERING AV EI INTEGRERT BARNE-OG UNGDOMSTENESTE I NORDFJORD

Bakgrunn

I både nasjonale og internasjonale undersøkingar har det vist seg at dårleg samhandling og samarbeid mellom tenester og tenestenivå ofte er til hinder for at barn og ungdom får god hjelp. Fleire har peika på behovet for meir samanhengande hjelp og betre samarbeid mellom ulike tenester og nivå.

Politiske føringar

Helseministeren har signalisert at regjeringa ønskjer å prøve ut ein modell som integrerer tenester og nivå på ein betre måte. Det skal testast ut ein integrert ungdomsteneste der kommunen og spesialisthelsetenesta skal samarbeide på same nivå.

I opptrappingsplan for barn og unge si psykiske helse er det eit hovudmål at barn og unge med psykiske plager og lidingar skal bli møtt av tenester som er tilgjengelege og samanhengande.

Regionale og lokale føringar

I samsvar med nasjonale politiske føringar skriv Helse Vest i sitt styringsdokument for 2024 til helseføretaka «Som ledd i arbeidet med å sikre tidleg innsats og heilskapleg innsats av barn og unge, skal helse Førde HF leggje til rette for ei regional utprøving av samarbeid med kommunane. Det blir vist til Helsedirektoratets oppdrag om å greie ut korleis ein kan innrette, pilotere og evaluere ei integrert barne- og ungdomsteneste. Helse Førde HF skal på vegner av regionen gjennomføre eit prosjekt for å prøve ut nye løysingar for samhandling med kommunane innanfor psykisk helsevern for barn og unge.» Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) i Helse Førde har valgt å legge piloteringa av den integrerte barne- og ungdomstenesta til Nordfjord BUP og tilhøyrande kommunar.

I dag har kommunane og BUP faste samarbeidsmøter både kring gravide, spe- og små og dei større borna/ungdommane. Litt ulike modellar for samarbeidet i dei ulike kommunane.

I Stad kommune er det under utarbeiding eit samarbeid om FACT Ung.

Mål

Hovudmålet med dette prosjektet er å pilotere ein integrert barne- og ungdomsteneste som samarbeider på tvers av tenestenivå og sektorar. Delmåla for pilotprosjektet er:

- å tilby barn, ungdom og deira familiar eit heilskapleg tenestetilbod,
- som er lett tilgjengeleg og med fleksible tenester

- å førebyggje og redusere risikofaktorar for utvikling av psykiske vanskar blant barn og unge
- å evaluere resultat og gjennomførbarheit av den integrerte ungdomstenesta.

Metode:

- Utforming av integrert ungdomsteneste
 - Det må utarbeidast eit prosjektdirektiv i samarbeid med kommunale tenester. Ein ser det som ein føresetnad at både spesialisthelsetenesta og kommunale tenester kjenner eigarskap til prosjektet.
 - Saman med kommunane og etatane vurdere deltaking frå BUFETAT og NAV
 - Prosjektplanen bør gje tydelege føringar for utforminga av tenesta som til dømes kompetanse, yrkesgrupper, lokalisering, tidsplan med meir. Vidare bør prosjektplanen tydeleggjere ansvar og samarbeidsstrukturar mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta i prosjektet.
 - Bruka av innovativt tenestedesign for å sjå på korleis ein kan løyse tenester på tvers
- Pilotere tenestemodellen:
 - Implementere den integrerte ungdomstenesta i kommunane tilknytt Nordfjord BUP.
 - Gjere fortløpande evalueringar og tilpasse tenesta etter behov.
- Evaluere tenestemodellen
 - Samle inn data om effekten av den integrerte ungdomstenesta på ulike måleparameter, til dømes psykisk helse, funksjonsevne og tilfredsheit.
 - Analysere resultatata og identifisere styrkar og utfordringar ved tenestemodellen
 - Skrive ein rapport som oppsummerer funna og gjev tilrådingar for forskning på tenestemodellen

Tentativ tidslinje

Informasjon i Helsefellesskapet, strategisk samarbeidsutval: Mai 2024

Innspelsmøte fagavdeling Helse Vest: Mai 2024

Møte med kommunedirektørane: Juni 2024

Tilsette prosjektleiar: Innan august 2024

Utlysing, samarbeid og utviklingsarbeid med konsulent tenestedesign, Innomed e.a. Hausten 2024

Ferdigstille prosjektdirektiv saman med kommunar: Ved utgangen av 2024

Planlegging, tilrettelegging, detaljering og evt. pilotering av tenestetilbod: august 2024 – august 2025

Oppstart av integrert ungdomsteneste: august 2025

Oppstart og drift av integrert ungdomsteneste: august 2025 -august 2027

Evaluering og rapportskriving: innan august 2027

Budsjett

Detaljert budsjett vil bli utarbeida i planleggingsfasen. I grove trekk vil det vera behov for ei 100% stilling som prosjektleiar, innleige av kompetanse knytt til tenesteinnovasjon, utgifter til leige av lokale, utforming av kommunikasjonsmateriell og marknadsføring, utgifter til reising, møter og kompetanseheving.

Dersom ein i prosjektet kjem fram til ein grad av samlokalisering, kan dette medføre ytterlegare utgifter.

Det er førebels ikkje inkludert utgifter til evaluering og evt. følgjeforsking.

Tentativt budsjett årleg:

Løn prosjektleiar	700 000
Feriepengar	87 500
Arbeidsgivaravgift	83 475
Pensjon	140 000
Konsulenttenester	400 000
Møter	150 000
Reiser	50 000
Totalt	1 610 975